

KVITeseid



SOKNERÅD

ÅRSMELDING 2019



Kviteeid gamle kyrkje fekk nytt spontak i 2019.

Dei fagkunnige var Axel Andersen og Halvor Bjåland

ÅRSMELDING 2019

1. ALLMENT

Kyrkja har framleis ein viktig plass hjå det norske folk. Ein stor prosent vel kyrkjeleg konfirmasjon.

Gudstenestene er om lag like godt besøkt som tidlegare år. Trusopplæringa gjeng greitt med tilsette og mange frivillige. Mange legg òg ned ein stort friviljug innsats i kyrkjelydsutval og i diakonalt arbeid.

Talet på gravferdshandlingar vart nesten halvert i 2018. Dei aller fleste i Kviteseid vel kyrkjeleg seremoni.

Økonomisk vert kyrkja hovudsakeleg finansiert av staten gjennom rammetilskotet til kommunen. Kommunen er lovpålagt å løyve pengar til delar av drifta. Andre vesentlege tilskot er frå staten via bispedømerådet til trusopplæring. Lokalt vert det gjeve mykje offer til eige arbeid og til eksterne føremål. Fleire har i 2018 starta med faste gåver til kyrkja sitt arbeid i soknet.

2. MÅLSETJING OG ANSVAR

Soknerådet har etter kyrkelova mellom anna ansvar for:

Etter §9 «skal (soknerådet) ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet»

Konkrete oppgåver er mellom anna:

- kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni m.m.
- innsamling av midlar til eiga verksemd
- førebu og gjennomføre kyrkjelydsmøte etter §10

Etter §14:

- *Drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar (kyrkjegardar).*
 - Kviteseid har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegardar) i Kviteseid, Kviteseid gamle kyrkje, Brunkeberg, Vrådal (+Roholdt), Fjågesund og Kilen.
- *Stillingar / personell.*
 - Kviteseid sokn har 6 tilsette i til saman 386 % stilling, fordelt på ei kvinne og 5 menn. Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som godt.
 - Soknepresten er tilsett og løna av bispedømmerådet, men er ein naturleg del av staben.
- *Administrative og økonomiske oppgåver i soknet:*
 - Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek vare på soknet sine interesser. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av soknerådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er dagleg leiar for verksemda og er sakshandsamar for soknerådet.

3. SOKNERÅDET SINE MEDLEMER

Soknerådet mesteparten av året var:

Håkon Birkeland, leiar	Magnhild Vaagen Kvalbein, nestleiar
Inger Lise Berge,	Hans Kristian Aabø, Hanne Julie Roholdt,
Vidar Syrtveit Mikalsen,	Marit Gotuholt, Gunn Karin Eikåsen

Vararepresentantar: 1. Reidun Øvrebø Fisketjønn 2. Astrid Grave Aase 3. Jan Rune Bjørnson 4. Sveinung Råmunddal

Kommunerepresentant: Tore Åsland med vara Bjørn Nordskog.

Sokneprest: Møyfrid Lunde.

Etter kyrkjevalet i september 2019 og konstituering i november, vart det nye soknerådet slik:

Marit Gotuholt, leiar,

Marit Sørby, nestleiar,

Dagfinn Køhn,

Unni Snaunes,

Toralf Grave,

Guðrun Nordbø Venås,

Vidar Syrtveit Mikalsen,

Sigrun Garvik Moen (sekretær)

Vararepresentantar: 1. Vigdis Helene Bruhaug, 2. Aud Turid Fjågesund, 3. Inge Waldenstrøm, 4. Eva Lisbeth Lier og 5. Jan Rune Bjørnson

Kommunerepresentant: Bjørn Nordskog med vara Jonn Foldøy.

Sokneprest: Møyfrid Lunde.

4. SAKER I SOKNERÅDET

Sokneråda har i 2019 handsama 79 saker fordelt på 7 møte.

Arbeidsutvalet (AU) hadde ikkje formelle møte i 2019

Her fylgjer stikkord frå sakene for kvart møte i 2019:

16. januar: Vedtak om budsjett for drift og investeringar i 2019. Om kyrkjevalet, stillingsendringar og takkefest for tilsette som gjekk av med pensjon. Årssamtale med prosten .

27. februar: Forsinka val av leiar og nestleiar. Leiar og nestleiar vart attvalde. Godkjenning av rekneskap og årsmelding for 2018. Kyrkjevalet og førebuing til kyrkjelydsmøtet/årsmøtet. Fasteaksjonen, dugnad på kyrkjegardane og driftsanlegg ved bårhuset i Kviteseid.

Årsmøtet var i Brunkeberg kyrkje 31. mars 2019.

Partssamansett utval (PU) handsama tilsettingssak for ny organist fram til innstillinga til soknerådet.

11. april: Revisjonsberetning. Driftsanlegget i Kviteseid igjen. Revidert investeringsbudsjett. Nominasjonskomiteen si liste til kyrkjevalet i september, innstilling til ny organist, om avslutningsfest for Køhn, og Utsending til årsmøtet i Diakonaten.

12. juni: Kyrkjevalet 2019 (tider, stader og funksjonærar), ny maskin for kyrkjegardsdrift, Investeringsplan 2020-2024, Gullkonfirmantfest, Vikar for trusopplærar og sekretær, og Oversikt forsikringar.

22. august: Kyrkjevalet, Forslag til driftsbudsjett 2020, Tenesteytingsavtala med kommunen, Kjølleaggregat på bårhusa, Avtale med museet/Bygdetunet om bruk av Gamlekyrkja, Klokkeautomatikken i Kviteseid, Medarbeidarfest, og Utlysing vikarstilling kyrkjegardsarbeidar.

2. oktober: Resultat og erfaringar etter kyrkjevalet, Plan for gudstenestene 2020, Sjølvevaluering av soknerådsperioden 2015-2019. Kyrkjelydsbasaren.

20. november: Overlevering av 'stafettpinnen' frå avtroppande leiar, Konstituering av nytt sokneråd, Delegasjonsreglementet, Protokoll, honorar og godtgjeringar, Årsplan for soknerådet og Kyrkjeofringar 2020

I tillegg var det på dei fleste møta mykje informasjon og meldingar, og rapportar om driftsrekneskap.

Alle referata frå soknerådet blir lagt ut på nettsida www.kviteseid.sokn.no. Der kan du òg finna alle referata frå 2016, 2017, 2018 og 2019, inkludert referat frå årsmøte.

Det nye soknerådet var på kurs på Granvin i Seljord 14. november, arrangert av Bispedømekontoret.



Frå førjolsfesten i Kviteseid kyrkje

5. TILSETTE

Soknerådet hadde ved utgangen av 2019 ansvar for 3,85 årsverk fordelt på 6 og til tider 7 tilsette i arbeid.

- **Kristen Salmelid:** Kyrkjevevjerje i 100 % stilling. Starta febr. 2016.
- **Jan Gunnar Haugen:** 50 % stilling som fagarbeidar, mellombels utanfor arbeidslivet i den andre 1/2-parten (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar). Nær 20 år i same stilling!
- **Håkon Heggtveit:** 50 % stilling som fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) -frå 2013 .
- **Zeljko Miskovic:** 50 % mellombels stilling som vikar for fagarbeidar frå vinter 2019. 100 % frå mai-sept. då han delvis erstatta ein av sommarhjelpene.
- **Olav Holm:** Nytilsett organist i 70 % stilling frå august 2019.
- **Brit Helen Finstad:** 80 % vikariat som sekretær (20 %) og trusopplærer (60 %) frå august 2019. Held fram med samla 65 %.
- **Birgitte Nødland Danielsen:** 15 % som trusopplærer, og 15 % sekretær (fast frå aug.-18). Permisjon heile 2019
- **Ellen Katrine Køhn:** Klokkar i Kviteseid kyrkje i 6,77 % stilling. Gjekk av med pensjon i sommar etter om lag 30 års teneste.
- **Dagfinn Køhn:** Gjekk i sommar av med pensjon etter 33 år frå si 100 % stilling som organist.



Våren 2019 hadde vi ingen sekretær og trusopplærer. Derfor kunne det brukast litt meir lønsmidlar på hausten.

Sokneprest Møyfrid Lunde er ein sentral person i staben, men er tilsett av bispedømmerådet med arbeidsområde i Kviteseid og Seljord. Prosten er næraste overordna.

I tillegg har vi stillingar delt med andre sokn:

1. Prostidiakon Eilev Erikstein som er delt på sokna i gamle Vest-Telemark prosti (u/ Seljord): Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje. Bispedømmerådet løna opphavelg 50 %, men beløpet har stått uendra i mange år, så vår del blir større for kvart år. I 2019 var den kr 107.000.
2. To deltidstillingar i konfirmantarbeidet 'Ønsket og Elsket': Ragnar Nøsterud (25 %) og Caroline Bringsås (30 %). Økonomisk delast lønsutgiftene på dei fleste sokn og fellestråd i Øvre Telemark prosti. Vår del i 2018 var kr 19.000.

6. VEDLIKEHALDSARBEID OG PROSJEKT MED BYGG OG ANLEGG

6.1. Investeringsprosjekt:

- Automatisk ringeanlegg i Kviteseid kyrkje vart installert tidleg på året.
- To av blyglasvindauga i Kviteseid vart renovert og fekk nytt bly.
- Nytt flistak på Brunkeberg kyrkjetårn vart påbegynt i 2018. Flisene vart produsert i 2019 og skal leggjast på taket i 2020.
- Nytt flistak på apsisen på Kviteseid gamle kyrkje vart så vidt starta i 2018. 5000 spon/flis vart i 2019 laga med øks (bile) for hand på den opphavlege måten, av malmen furu. Taket vart ferdig i 2019, slik vi ser det på framsida av årsmeldinga. (Det skal tjærebredast i 2020.)

- Carport ved bårhuset i Kviteseid vart påbegynt. (Etablert 'rundkøyning', forbetra gamal veg på nedsida, skote og grave ut masse, samt mura opp veggjar til carport) Renovering av toaletta blei utsett til 2020.
- NYTT brannvarslingsanlegg og innbrotsalarm til Kviteseid gamle kyrkje var ferdig i april. Tilsvarande i Vrådalen kyrkje vart ikkje heilt ferdig i 2019, men er sett i drift frå desember.
- Traktorgravar frå 1990 blei bytta ut med ny minilastar (Kramer 5035). Med på kjøpet var òg ein liten brukt tilhengar med hydraulisk vipp.



6.2. Nytt inventar, utstyr og anna

- Bakken opp til Fjågesund kyrkje: Nytt berelag og dekke av grus.
- Bårhuset i Brunkeberg: Nytt kjøleaggregat.
- Overdraging av kyrkjegard og kyrkjetomt i Kilen ferdig.
- Utviding og forbetring av pauserom og kontor for fagarbeidarane under bårhuset i Kviteseid vart ferdig.
- Kløyvemaskin til prosjekt vart seld igjen for innkjøpspris.
- Flaggstenger til Vrådalen + nye flagg og vimplar fleire stader
- Heller, trapper og inngangsparti utbetra i Brunkeberg, Vrådalen og Kviteseid
- Kilen kapell: Heilvask ute, og noko måling
- Vrådalen: Benketoppar er blitt pussa og måla
- Kyrkjegardar: Ny tinematte, 20-tals vintergrøne plantar i Kviteseid, byte/rep. av alle utvendige brannslangar, nye flaumllys med led-pærer i Fjågesund og Vrådalen
- Kyrkjer: Stor reoperasjon av orgel i Gamlekyrkja, nye trådlause mikrofonar i Kviteseid. Service og avtale på alle kyrkjeklokker og brannvarslingsanlegg
- Kontoret: Ny PC og utstyr til organist, div. HMT-relaterte hjelpemiddel til kontorarbeidsplassar.

6.3. Dugnad og arbeid på kyrkjegardane:

Det vart som vanleg utført annonsert oppryddingsarbeid på dugnad på kyrkjegardane i mai. Takk til alle som deltok.

I Fjågesund er dugnaden rundt kyrkja og ikkje på kyrkjegarden.

Vi hadde i 2019 34 langtidsavtaler (legat-avtaler) om stell av graver (1-3 graver pr avtale), og 11 sommaravtaler om planting og stell.

7. ØKONOMI

Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Til trusopløring kjem tilskot direkte frå staten. Anna inntekt er hovudsakeleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata, jolemesse, gåver til kyrkjebladet, faste gåver, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon.

Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2019 på kr. 3.406.000, som var ei auke på 2,8 % frå 2018. I tillegg kjem tenesteytingsavtala på kr 148.000 som til saman blir kr. 3.554.000.

2018: 3.313.000 (+3 %), 2017: kr 3.216.000 (+2,8 %), 2016: kr 3.129.000 (+4,6 % frå 2015)



Driftsrekneskapen for 2019 enda etter reglar om stryking i kommunal regnskapsskikk i null, som budsjettert. (2018: Overskot kr 105.135, 2017: Underskot kr 114.619)
Samla driftsinntekter var på kr 5.102.082, og driftsutgifter kr 5.238.058 og eit underskot på kr 135.976 før finanspostar.

Investeringar vart gjort for til saman kr 2.480 mill. med ekstern finansiering på kr 1,429 mill.. Intern finansiering var kr 140.000 frå bunde driftsfond via driftsrekneskapen, kr 290.354 frå disposisjonsfond, og kr 575.108 frå bunde investeringsfond (overføring frå 2018). Resultatet viser då at kr 46.218 er udekt (underskot/overforbruk).

Balansen og noter var ikkje ferdig til soknerådsmøte 26.februar då denne årsmeldinga vart godkjend, men er lagt til her etter avslutta rekneskap. Balansen syner at sum eignedelar (anleggsmidlar og omløpsmidlar) i 2019 har auka frå 9.137 mill. kr til 10.581 mill. kr. Dette balanserer med sum eigenkapital og gjeld.

Revisor påpeikar at eit større budsjettavvik må omtalast i årsmeldinga. Avviket kjem av at vedtak som vart gjort om finansiering av minilastaren i 2019 blei feil. Maskina vart kjøpt i 2019, og då kunne ikkje noko av den finansierast over investeringsbudsjett i 2020 slik det var tenkt. Investeringsrekneskapen vart då ikkje i samsvar med vedtak om investeringsbudsjettet.

Vi viser elles til den fullstendige rekneskapen for soknerådet for 2019 som orienterast om på årsmøte. Soknerådet vil når det mottek den revidera rekneskapen gjere vedtak om godkjenning.

Det er stadig fleire som gjev kollekt med VIPPS. Gåver over bank med eller utan AvtaleGiro har auka betydeleg i 2019.

Biletet er frå friluftsgudstenesta på Vatnelian 18. august

8. SOKNERÅDET SITT ARBEID

8.1. Gudtenestelivet i soknet

Biskopen har forordna 52 gudstenester i Kviteseid sokn. Desse er fordelte på sundagar og høgtidsdagar gjennom året i dei ulike kyrkjene. 17. mai, 1. påskedag, joleftan og 1. joledag er det gudsteneste i fleire av kyrkjene. Ein sundag i månaden er det ikkje gudsteneste i soknet. I tillegg til dei forordna gudstenestene, har vi hatt skulegudstenester for Kviteseid skule, Straumsnes skule og Kvitsund gymnas. Det er halde nattverdgdusteneste på KOS vår og haust, og i juli månad er det halde kveldsmesser på torsdagar i gamlekyrkja. På dei fleste gudstenestene inviterer vi til nattverd, og dei fleste er òg opne for dåp.

Gudstenestene er fordelt mellom dei ulike kyrkjene slik at Kviteseid kyrkje fungerer som hovudkyrkje med klart flest gudstenester, høgtidsgudstenester og helgemesse lagt fast. Dei siste åra har vi prøvd å halde oss til første og tredje sundag i månaden i Kviteseid, då Misjonshuset nyttar andre og fjerde sundag. Vrådal har fleire av sine gudstenester knytt til jol og påske av omsyn til turistar og hyttefolk som nyttar seg av gudstenestene der. I Fjågesund er det særleg gudstenestene 17. mai og joleftan som er besøkt av folk i bygda. Sommargudstenesta i Kilen er felles med Lunde, og gudstenesta der siste sundag før jol har blitt ein fast tradisjon, der Svein A. Holberg frå Kilen feriestenter har stelt i stand eit annleis jolebord for alle etter gudstenesta.

Det er ein del som reiser på gudsteneste uavhengig av kva kyrkje gudstenesta er i, men fleire møter framleis helst til gudstenester i kyrkja der dei bur. Frammøtestatistikken varierer derfor med kor gudstenesta er. Friluftsgudstenestene samlar gjerne ein del som elles ikkje møter til gudsteneste i kyrkjene. I år har vi hatt friluftsgudsteneste på Vatnelian i Ordal og på Vrådal gamle kyrkjegard.

Gjennom kyrkjeåret har vi fleire ulike typar gudsteneste. Familiegudstenestene er dei best besøkte. På



mange av desse har dei ulike kora delteke med song. Nokre av familiegudstenestene har vært prega av at barn i ein aldersgruppe har delteke i samband med trusopplæringstiltak. På ei gudsteneste har vi delt ut gåver: 1, 2 og 3 år etter dåpen. På hausttakkefesten fekk 4-åringane utdelt fireårsbok. 5-åringane fekk adventskalender på ei gudsteneste før advent, 3. og 4. klassingar deltok på tårnagentgudsteneste. Og 5. og 6.klassingar deltok på LysVaken-gudsteneste 1. søndag i advent. Elles har konfirmantane delteke som ministrantar på kvar sine gudstenester haust og vår. To kull av gullkonfirmantar var spesielt invitert til ei gudsteneste.

I tillegg til dei tilsette og konfirmantane, har mange frivillige vært engasjert i gudstenesta med oppgåver som klokkarar, tekstlesarar, forbedarar, kyrkjevevter, sundagsskuleleiarar, forsongarar, musikarar, i evangelieprosjeksjon, med å styre powerpoint/easy worship og kyrkjekaffi melom anna. Kyrkjelydsutvala knytt til dei tidlegare fire sokna har ei viktig rolle i å bidra med idéar ut frå sin lokalkunnskap og praktisk på gudstenester og dugnad i sitt område. Alle frivillige er svært verdfulle og gjer gudstenesta rikare og meir mangfaldig. Dei er med og verkeleggjer at gudstenesta er ein stad der vi deltek saman. Det er framleis plass til at fleire kan gå inn i oppgåver i gudstenesta.

8.2. STATISTIKK

	2019	2018	2017	2016
Gudstenester (inkl. i institusj.)	61 (2)	62	61	71
<i>Kviteseid (inkl. Kv.Gamle..)</i>	24	24+9	24+9	34
+ <i>Skule/Barnehage (jul)</i>	3			
+ <i>Kveldsmesser, juli</i>	4			
<i>Brunkeberg</i>	11	10	10	14
<i>Vrådal</i>	11	12	10	13
+ <i>Skule/Barnehage (jul)</i>	1			
<i>Fjågesund og Kilen</i>	7	7	8	10
Dåp	11	17	22	16
Konfirmasjon	22	18	24	20
Vigsler	8	5	4	3
Gravferder	25	21	37	36
Innmelde - utmelde	2 - 9	3 - 4	2 - 10	1 - 16
Medlemmer totalt deriblant tilhøyrande	1814 43	1842 46	1840 47	1845 45
% medl. i Dnk	75,5 %	76,5 %	75,6 %	75,6 %
Av innbygg. i kommunen ved utg. av 3. kvartal (SSB)	2402	2408	2433	2440
Andakter på KOS og Midts.t.	10 + 9	9	9	15 (anslag)
Kulturarrangement	10	6	5	3
Deltakarar på ant. arr. (Gudst., andaktar, konsertar, frå SSB-rapporten)	4601 - 65	4861 - 67	5240 - 72	6872 - 92 (92 =anslag)
Gjennomsnitt frammøte forordna gudstenester	76	71		
Registrerte frivillige	70*	71*	120	90
Kyrkjeofringar	257 000	226 000	185 000	214 000
<i>Til kyrkjelydsarbeidet</i>	78 000	49 000	51 000	44 000
<i>Misjonsprosjektet</i>	31 000	26 000	24 000	30 000
<i>Andre eksterne</i>	148 000	151 000	110 000	140 000

	2019	2018	2017	2016
Andre innsamlingar	89 000	93 000	94 000	96 000
<i>Jolebasaren</i>	41 000	52 000	48 000	55 000
<i>(Trusoppl. + misjonsprosj.)</i>	(26'+15')	(32'+20')	(33'+15')	(40'+15')
<i>Fasteaksjonen</i>	48 000	41 000	46 000	41 000
Andre g�aver	119 000	75 000	52 000	21 000
<i>Kyrkjebladet</i>	48 000	54 000	52 000	21 000
<i>Faste g�aver til eige arbeid</i>	71 000	21 000		

* Same m aten   telje frivillige p , fr  og med 2018

8.3. Trusoppl eringa «St rst av alt»

Tilsette: Brit Helen Finstad vart tilsett i 60 % vikar-stilling som trusoppl erar fr  1.august. (V ren 2019 hadde vi ingen i stillinga fordi vi ikkje hadde f tt tak i nokon etter at Birgitte N dland Danielsen gjekk ut i barselpermisjon seint i 2018) I stillinga inng r administrasjon, planlegging og gjennomf ring av tidsavgrensa bredde-tiltak, oppf lging og bes k i grupper og deltaking i konfirmantarbeid.

Trusoppl eringsutvalet: Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), M yfrid Lunde, Brit Helen Finstad (fr  august), Sigrun Egeland Bakken og Anne Marthe Lindheim (sekret r til august). Utvalet har i 2019 hatt tre m te p  v ren og to p  hausten. Av st rre saker har vi jobba med ein frivillighetsfest for alle frivillige i barne- og ungdomsarbeidet, men denne m tte vi dessverre avlyse pga. sjukdom. I staden inviterte vi alle dei frivillige til felles medarbeidarfest p  hausten. Vi har jobba mykje med sundagsskulen og endring av m l og innhald i tiltaka i trusoppl eringa for barn mellom 0-12  r. T rnagenthelg som blei gjennomf rt i starten av 2019 har no blitt ein del av trusoppl eringsplanen v r.

Medlemmer og d ypte:

Vi f r tilskot til trusoppl ering ut fr  276 barn mellom 0-17  r som er medlemmer (medrekna tilh yrande 0- ringar).

11 born vart d ypte, ein av desse var konfirmant.

Tidsavgrensa bredde-tiltak:

- o Utdeling av d psg ver. Brunkeberg 3. mars
 - o eitt  r etter d p – 1 av 13 (8%)
 - o to  r etter d p – 7 av 12 (58%)
 - o tre  r etter d p – 3 av 15 (20%)
- o Utdeling av 4- rsbok med samling f r gudstenesta. Kviteseid kyrkje 1. september – 3 av 11 (27%)
- o Utdeling av adventskalender til 5- ringar med samling f r gudstenesta. Brunkeberg kyrkje 10. november. – 4 av 10 (40%)
- o Lys vaken for 10-11- ringar med overnatting i kyrkja: 10- r: 4 av 15 (27%), 11- r: 8 av 15 (53%)



Fr  lek p  Lys-Vaken-helga i september

Kontinuerlege grupper:

- o Sm barnstreff med sangstund p  Misjonshuset annakvar torsdag. 0-3  r. Ansvarleg: Ellen Eggeb  Jore, tilslutta Normisjon.
- o Sundagsskule. 6 samlingar i 2019 i Bornas kapell under gudstenestene i Kviteseid som ikkje er familiegudstenester. 2-10  r. Ansvarleg: Kristen Salmelid (v r) og Brit Helen Finstad (haust).

- Barnegospel. Øver annankvar torsdag på misjonshuset. 5-8 år. Ansvarleg: Åsbjørg Hægeland. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon.
- Unge røyster. Øver annankvar måndag på misjonshuset. 9-12 år. Ansvarleg: Elise Foldøy. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon.
- 3 idrettsgrupper på Kvitsund Gymnas. Tysdagar og torsdagar. 6-9 år, 10-12 år og 13-15 år. Ansvarlege: Ellen Eggebø Jore, Ellen Rannestad og Anders Nødland Danielsen. Tilslutta NLM.
- Yngres i Vrådal. Annankvar tysdag på bedehuset. 10-15 år. Ansvarleg: Astrid Breivik. Tilslutta NLM
- Kviteseid Soul Children. Øver annankvar tysdag på vårparten og annakvar måndag på haustparten, i Kviteseidhallen. 12-15 år. Ansvarleg: Olav Holm. Tilslutta Normisjon.
- Skulelagsmiddag. Ein tysdag i mnd etter skuletid (på våren) på skulekjøkkenet på ungdomsskulen. 12-16 år. Ansvarleg: Astrid Tveten og Cecilie Austjore-Hosum. Ingen skulelagsmiddag på hausten. Tilslutta NKSS.

Konfirmant-arbeid:

- 22 konfirmantar følgde undervisninga i vår (100%). Nokon av samlingane hadde vi saman med Tentro (frikyrkjeleg konfirmantundervisning som hadde 3 eigne konfirmantar). Vi hadde lokale undervisningssamlingar torsdagar etter skulen, deltok i Fasteaksjonen, Konf-treff i Seljord og gjekk pilegrimstur frå Brunkeberg til Kviteseid. Konfirmantane har delteke som ministrantar på gudstenester og alle 22 vart konfirmerte i kyrkja.
- Dessverre blei det ikkje gjennomført Kick-off. i Seljord dette året.



Biletet er frå Konfirmantane sin pilegrimstur frå Brunkeberg til Kviteseid. Her ved gamle Kåsaskulen.

- I juni 2019 var 11 konfirmantar av kullet 2019-2020 på sommarleir på Gjennestad saman med mange andre frå Øvre-Telemark prosti. 11 konfirmantar har følgd undervisninga vår hausten 2019 og delteke som ministrantar på gudstenester.

Ønsket og elsket:

Ingen fjorårskonfirmantar har delteke i leiarprogrammet til “Ønsket og elsket” som førstears leiarar.

8.4. Misjonsprosjekt:

Kyrkjelyden har framleis ‘Samfunnsutvikling i Nepal’ via Normisjon, som sitt misjonsprosjekt. Der støttar vi Liv Wendel sitt arbeid blant kvinner og born i Bajhang-provinsen. Avtala lyder på kr 35.000 pr. år. Det vart i 2019 samla inn og sendt kr 46.000 til dette, inkludert kr 15.000 frå jolebasaren (om lag same totalsum som året før)

8.5. Diakoni:

Melding frå diakoniutvalet v/ Kirsti Skjæveland:

Diakoniutvalet består av Gunhild Dobbe, Kirsti Skjæveland, Åsa Wendel, Hege Jønholt, Hanne Roholdt, Marit Sørby og Reidun Fisketjønn. Dei hadde 4 møte i 2019.

Besøkstenesta og Diakoniutvalet hadde møte 12. september. Eilev Erikstein og Møyfrid Lunde var

med. Hanne Roholdt og Marit Sørby frå Vrådal og Reidun Torsdalen og Reidun Fisketjønn ville alle vera med i eit felles Diakoniutval.

Aktivitetar og tiltak i 2019:

- Diakoniens dag i Kviteseid: 6.jan.: Servering av kaffi og kake etter gudstenesta.
- Føremiddagstreff har halde fram som før. 7 treff på Misjonshuset med matøkt, utlodning og andakt. Andaktane var ved Møyfrid Lunde, Eilev Erikstein og Brit Helen Finstad. Det var mellom 25 og 60 til stades. Midtsommartreff på bygdetunet med song av Herdis og Øyvind Jørgensen. NYTT av året var 'Adventstreff for eldre' i Kviteseid kyrkje (11.des.) Midtsundtoppen hjelper til med minibuss og transport. på treffa. Song og musikk ved Jan Haugen, Herdis og Øyvind Jørgensen, Ane, Hilde og Olav Holm og Josefine Hægeland. Allsong og servering av risgraut, kaffi og kaker. 60 til stades.
- Besøkstenesta: Involverte hadde møte med Eilev Erikstein 12. nov. Møyfrid Lunde hadde laga fine kort som heimesjukepleia delar ut til dei som ynskjer besøk.
- Konfirmantane: Får servera mat og drikke før undervisningstimane.
- Besøk på Midtsundtoppen: Diakoniutvalet var på besøk annankvar mnd. saman med sokneprest og organist. Og steller til med mat og kaffi.
- Fest for bebuarane på Lundenjordet. Vårfest 24. april og førjolsfest 18. desember, begge på Misjonshuset. Servering av mat og kaffi. Song og musikk ved Kjell Lindheim og Øyvind Jørgensen. Andakt ved Møyfrid Lunde. Besøk av jolenissen på førjulsfesten.
- Besøk med blomehelsing til jubilarar: Kwart 5. år frå 80 år. I Fjågesund får alle frå 75 år og oppover ein blomehelsing til jol.
- Helgemesse. Før helgemesse sender Diakoniutvalet ut invitasjon til messe og kyrkjekaffi til dei som har mista nokon det siste året. Alle var velkomne til Misjonshuset der det vart servera smørbrød, kaffi og kaker. Det var flott song av Hallvard Jørgensen. Eilev Erikstein og Møyfrid Lunde var til stades.



For Diakoniutvalet, Kirsti Skjæveland

Godhetsveka 2019 var 6.-12. mai i samarbeid med dei andre forsamlingane i Kviteseid:

Kviteseid Misjonskyrkje (Betel), Kviteseid Normisjon (Misjonshuset), Kviteseid Pinsemenighet (Fredheim). Veka vart avslutta med ei godheits-gudsteneste på Fredheim den 12. mai. Inkludert styringsgruppa var 85 personar involvert (auke på 5) og 35 arbeidsoppdrag vart utført (som året før). Det var mykje hagearbeid, noko husvask og litt reparasjonar og vedlikehaldsarbeid. 300 dugnadstimar vart lagt ned. Det er flott å kunne vera saman på tvers av kyrkjelydane og forsamlingane. Tilbakemeldingane var eintydig positive. Det var fint å ha med Kvitsundeleva på oppdraga og koret på fellesgudstenesta, der om lag 120 personar deltok.

Prostidiakonen. I årsrapporten sin viser prostidiakon Eilev Erikstein til mykje godt arbeid nedlagt i 2019. Nytt av året var at han medverka til oppstart av «Optimistane», -ei gruppe for folk som har eller har hatt kreft. 39 deltok der. Han har òg i 2019 hatt 5 etiske refleksjonssamlingar for tilsette på KOS og i heimesjukepleia. Elles har han medverka på Diakonidag og på forskjellige diakonale tilstellingar. Han har hatt rettleiing for Besøkstenesta, og besøkt 'Guys-Group' med 64 deltakarar på



Kvitsund 4 gonger. Saman med soknepresten har han leia to samlingar i 'Leva-vidare' -gruppa med 8 deltakarar.

Han har i Kviteseid sokn forretta i 3 gravferder og om lag 59 samtalar og husbesøk. Fleire av vitjingane i Kviteseid er til eldre og sjuke.

8.6. Kulturarrangement, spesielle messer og anna:

Gudstenester (spesielle)	
27. mars	Taizébøn i Kviteseid kyrkje.
28. april	Diakoniens dag i Vest-Telemark. Fellesgudsteneste og samling i Fyresdal
16. juni	Jubileumsgudsteneste for Kåsaskulen 200 år
Juli	4 kveldsandaktar i Kviteseid gamle kyrkje ved sokneprest Dag Harald Undheim.
11. august	Felles gudsteneste i Kilen saman med Lunde
1. september	Haustattakefest i Kviteseid kyrkje (med utdeling av 4-års bok)
Felleskyrkjelege arrangement (Kyrkja, Betel, Fredheim og Misjonshuset)	
27. januar	Familiemøte på Misjonshuset
8.-10. mars	Møtehelg i Kviteseid. På Fredheim. Talar Johnn Hardang
12. mai	Godhetsgudsteneste, felles for forsamlingane i Kviteseid. Kr. Himmelfartsdag
29. september	Songkonsert i Kviteseid kyrkje med Arvid Pettersen.
Konsertar og liknande.	
13. og 20. januar	Salmeforedrag i 2 delar, ved organist Dagfinn Køhn i Kviteseid kyrkje
14. april	Salmekonsert i Brunkeberg kyrkje ved Torunn Bøe og Gunnar Ajer
29. juni	Avskjedskonsert ved Dagfinn Køhn og kyrkjekoret utvida med tidlegare songarar. Fleire musistar medverka.
22. november	Konsert med plateslepp ved Gunstein Draugedalen og Olav Mosdøl
5. desember	Adventskonsert i Vrådal kyrkje med solistar, skuleklasse og Fredheimkoret
8. desember	Klassisk jolekonsert i Kviteseid kyrkje ved Ingrid Elise Engeland mfl.
16. desember	Adventskonsert i Kviteseid kyrkje med musikkorpset og alle kor i bygda
Anna	
31. mars	Årsmøte, i Kviteseid kyrkje
9. april	Fasteaksjonen gjennomført med innsamling til Kirkens Nødhjelp ved hjelp av konfirmantane og andre frivillige.
5.mai	Konfirmantfesten var 5. mai i Kviteseid, etter samtalegudstenesta same dag.
30. juni	Avskjedsfest for Ellen Katrine og Dagfinn Køhn som begge hadde vore tilsette i over 30 år i Kviteseid som hhv. klokkar og organist.
29. september	Gullkonfirmantfest med 31 deltakarar vart flytta frå kyrkjestova i Brunkeberg til Misjonshuset i Kviteseid.
17. oktober	Medarbeidarfest på Straand Hotell for å takka avtroppande sokneråd og frivillige medarbeidarar.
30. november	Kyrkjelydens basar på Misjonshuset ved soknerådet og mange frivillige. Loppemarked var bytt ut med joleverkstad for born.

8.7. Melding frå organisten v/ Olav Holm:

Det har vore ei stor glede for meg å få lov til å ta over stafettpinnen etter Dagfinn Køhn. Eg er taknemleg og audmjuk for å ha blitt vist denne tilliten, og har store sko å fylle. Men det har vore ei stor glede å komme til denne arbeidsplassen. For det fyrste har Dagfinn Køhn sjølv gjort eit stort arbeid for å leggje alt til rette. Dei siste arbeidsveke brukar han mykje tid på rydde og organisere slik at kontoret var svært tilgjengeleg for etterfølgjaren. Han har og vore tilgjengeleg for all slags hjelp, og har framsnakka og oppmuntra meg både indirekte og direkte. Tusen takk!

Det har også vore ei glede å komme inn i eit godt arbeidsmiljø både åndeleg, fagleg og sosialt. Takk til gode kollegaer for å ha gitt meg ei så god inngang! Eg takkar og for gode tilbakemeldingar frå andre i

kyrkjelyden. Det betyr mykje når ein er fersk og litt usikker.

Med god tilrettelegging har det vore lett å kome inn i nye og meningsfulle arbeidsoppgåver. Ein viktig del av jobben er å øve til, planlegge og delta på kyrkjelege handlingar. Eg brenn ekstra for å involvere friviljuge i musikken i gudstenesta. Slikt arbeid tek tid, og det er noko uvant å sjølv vere tilsett i ein slik samanheng, og finne ut av si eiga og andre si rolle. Eg håpar å halde fram med å finne gode ordningar for dette frametter.

For meg er det ekstra stas og viktig når barn og unge får vere med og planlegge og bidra også i musikken i gudsteneste; konfirmantar, Lys Vaken-barn og barnekora er blant dei som har bidratt i løpet av hausten.

Gjennom Kviteseid barnegospel og Kviteseid Soul Children får eg også lov å vere med på korarbeid for born og unge. Åsbjørg Hægeland gjorde også i 2019 ei framifrå jobb som dirigent og andaktshaldar i barnegospelen. Der har underteikna si rolle vore å akkompagnere og hjelpe litt til saman med andre frivillige. I Kviteseid Soul Children er underteikna dirigent og altmoglemann, med god hjelp til mellom anna mat og andakter frå ulike foreldre. I tillegg har både kora nytt godt av besøk av trusopplærar Brit Helen i hausthalvåret. Arbeidet er ei viktig gåve til borna, som får næring både åndeleg, musikalsk og sosialt. Det er det og til dei som høyrer på i gudstenesta eller på møte, anten det er foreldre eller andre som har møtt opp. Og ikkje minst får me som arbeider med det mykje tilbake sjølv. Eg gleder meg til å sjå både Barnegospelen, Soul Children, Unge Røyster og andre kor i bygda på gudstenester i 2020. Unge Røyster har fått sin eigen pianist frå hausten 2019. Dagfinn spela til sommaren.

Me valde å ikkje halde fram med Kviteseid kyrkjekor frå i haust. Men mange som i si tid var med i kyrkjekoret stilte viljuge opp på eit liturgisk kor samansett til joledag. Eg ynskjer å halde fram med å nytte liturgisk kor ved høgtidsgudstenestene og andre passande høve, og er glad for alle friviljuge som stiller opp.

Organistjobben har og gjeve meg innblikk i alt det flotte diakonale arbeidet som skjer i soknet. Føremiddagstreff på misjonshuset, andakt på KOS og songandakt på Midtsundtoppen er flotte sosiale arenaer for eldre i bygda, og ein onsdag i advent blei det dekkja til langbord med grøt og kultur for pensjonistar i kyrkja. Alt dette er flott og gjevande å vere med på.




Med takknemlighet for 2019 og forventning til 2020.

Olav Holm, organist



8.8. Kyrkjebladet

Kyrkjebladet kom òg i 2019 ut med fire nummer. Redaksjonen bestod av Olav Mosdøl, Øyvind Jørgensen og sokneprest Møyfrid Lunde (redaktør), som alle gjer ein stor innsats med dette.



På giro i kvart blad og litt på vipps, kom det inn kr 48.000 (57.000 i 2018). Utgifter til å setje opp, trykke og sende ut dei 4 nummera var kr 78.000 (55.000 i 2018).

Vi er takksame for alle gåver gjevne i 2019!

8.9. Utval, komitear og representasjon

Kyrkjelydsutvala gjer eit godt arbeid med å ynskje velkommen i døra, syte for kyrkjekaffi og blomar til messene og ulike praktiske oppgåver ved andre tilstellingar.

I 2019 har desse delteke i dei ulike utvala:

Brunkeberg: Reidun Øvrebø Fisketjønn, Inger Lise Berge, Eli Nilsen Rognsvåg, Reidun Torsdalen og Anne Dorthea Heggveit Henriksen.

Fjågesund: Aud Turid Fjågesund, Monica Haugstøl og Anette Rønningen.

I Kilen laga Svein Asle Holberg i stand eit fint alternativt julebord etter gudstenesta 22. desember.

Kviteseid: Åse Nordskog, Kirsti Breidalen Skjæveland og Møyfrid Lunde. På tampen av året starta òg Solveig Løfgren og Lisbeth Farmen Aabø, Lisbeth overtok som leiar.

Vrådal: Hanne Julie Roholdt, Marit Sørby, Jan Gunnar Breivik og Astrid Breivik.

Astrid Breivik fungerer også som fast, frivillig klokkar i Vrådal.

Andre komitear, utval og representasjonar:

- I komité for Godhetsveka 2019 møtte Magne Skjæveland og Møyfrid Lunde for kyrkja.
- I komité for Fellesmøta 2019 møtte Håkon Birkeland og Møyfrid Lunde.
- Hans Kristian Aabø organiserte fasteaksjonen saman med soknepresten (informasjon til konfirmantane) og soknerådsmedlemmer i Brunkeberg, Vrådal og Fjågesund.
- Marit Gotuholt var soknerådet sin kontakt mot Kirkens SOS i Telemark.
- Marit Sørby var soknerådet sin utsending til årsmøtet for Diakonaten i Vest-Telemark.
- Konsertansvarleg var Marit Gotuholt.
- Vidar Syrtveit Mikalsen leia trusopplæringsutvalet.

9. GODKJENNING

Årsmeldinga vart handsama og godkjend av soknerådet den 26. februar 2020.

Meldinga blir lagt fram for kyrkjelydsmøte 29. mars 2020 som ei orienteringssak

Kviteseid, 26. februar 2020

Marit Gotuholt

Møyfrid Lunde

Kristen Salmelid

Leiar

Sokneprest

Kyrkjeverje